



Sindre fekk meir liv i trommesettet

40 år etter Waterloo-suksessen lever Sveriges mest populære eksportartikkel nest etter IKEA framleis også i bygdene våre. I kveld viste ABBA seg som utruleg populær og livskraftig i Samfunnshuset i Rosendal.

Eit publikum på 150 forlangte 3 ekstranummer etter at 18 låtar var avvikla og det er sjelden å oppleva slik applaus på våre kantar.



[Atle gjekk inn i mannsrøystrolla](#)

Rosendal Musikklag har gjort utruleg mykje ut av drømmekonsert-tilskotet på 12000 kroner.

Dirigent Jan Magne Olsen frå Stord har vore nøkkelmannen i prosjektet og stått for både arrangement og dirigentjobb men han har også handtert dei rette knappane med omsyn til gjesteartistar. Vi tenkjer her ikkje minst på systrene Amalie og Inghild Fjell Helleland som gjekk nærmast uanstrengt inn i rollene eller røystene til Agneta og Annifrid. Uskedelingen Atle Fredheim hadde til oppgåve å syngja den mannlege røysta og imponerte gjorde også han.



Systrene Fjell Helleland hadde ei stor oppg ve som dei klarte med bravur

Og apropos uskedelinger: I raden heilt bakerst observerte vi denne gongen som n rsagt alltid Gunvald Friheim (74), som innr mte at ABBA ikkje 'er heilt min stil', Omtrent det same sa Uskedalens sv ert lovande trommeslagar Sindre Aksnes men d  fr  eit litt anna utgangspunkt: 'Det er ikkje akkurat min sjanger, men kjekt og fengjande'.

Sindre blir 17 i byrjinga av mai og har ein agenda som kan ta pusten fr  nokon kvar. I tillegg til skulen og mykje musikk er han no iferd med   ta traktorlappen og jegerpr va og han er ogs  trommel rar. ABBA  vingane har han vore n dt til   nedprioritera med unnatak av sist m ndag. utan at det gjekk spesielt ut over prestasjonen. I f rste avdeling h yrte vi ikkje s  mykje til han der han stod med perkusjonsinstrument men i andre avdeling skifta han til trommesettet og d  fekk han vist kva han er god for.

Vi f r h pa at han ikkje tek p  seg for mykje.

Tekst oog foto: Ola Matti Mathisen